



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7356 - 15/7995

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2015

## Søknad frå Knarvik Industri og Miljø AS (KIM) om kommunal garanti for lån i kommunalbanken

Vedlagt oversendes kommunestyrevedtak av 19.02.2015 om kommunal garanti til behandling av Fylkesmannen.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/15	Formannskapet	PS	05.02.2015
018/15	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	14/7356

## Søknad frå Knarvik Industri og Miljø AS (KIM) om kommunal garanti for lån i kommunalbanken

### Vedlegg:

Søknad om kommunal garanti for lån

### Rådmannen gjer følgjande framlegg til vedtak:

1. Lindås kommune stillar kommunal garanti for lån inntil 7 639 014 kr + 10% for eventuelle oppsamla renter og omkostningar for Lån til Knarvik Industri og Miljø AS. Totalt garantibeløp er inntil 8 500 000 kr.
2. Lindås stillar kommunal garanti på følgjande vilkår:
  - a. Knarvik Industri og Miljø AS stiller pantetryggleik for lånet i eigedommar.
  - b. Garantien vert gitt som sjølvskuldarnarkausjon.
  - c. Lånet skal nedbetalast på maksimalt 23 år. Garantitida er på inntil 25 år.
  - d. Knarvik Industri og Miljø AS kan ikkje ha som målsetnad å oppnå økonomisk overskot. Eit eventuelt overskot må tilbakeførast til verksemda og kan ikkje takast ut som utbytte.

### Formannskapet - 007/15

#### FO - behandling:

Jostein Hellestveit var ugild og deltok ikkje under handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Lindås kommune stillar kommunal garanti for lån inntil 7 639 014 kr + 10% for eventuelle oppsamla renter og omkostningar for Lån til Knarvik Industri og Miljø AS. Totalt garantibeløp er inntil 8 500 000 kr.

1. Lindås stillar kommunal garanti på følgjande vilkår:
  - a. Knarvik Industri og Miljø AS stiller pantetryggleik for lånet i eigedommar.
  - b. Garantien vert gitt som sjølvskuldarnarkausjon.
  - c. Lånet skal nedbetalast på maksimalt 23 år. Garantitida er på inntil 25 år.

- d. Knarvik Industri og Miljø AS kan ikkje ha som målsetnad å oppnå økonomisk overskot. Eit eventuelt overskot må tilbakeførast til verksemda og kan ikkje takast ut som utbytte.

## **Kommunestyret - 018/15**

### **KO - behandling:**

Leidulv Brunborg-Ap var ugild, som styremedlem i KIM, og deltok difor ikkje under handsaming av denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

1. Lindås kommune stillar kommunal garanti for lån inntil 7 639 014 kr + 10% for eventuelle oppsamla renter og omkostningar for Lån til Knarvik Industri og Miljø AS. Totalt garantibeløp er inntil 8 500 000 kr.
2. Lindås stillar kommunal garanti på følgjande vilkår:
  - a. Knarvik Industri og Miljø AS stiller pantetryggleik for lånet i eigedommar.
  - b. Garantien vert gitt som sjølvskuldarnarkausjon.
  - c. Lånet skal nedbetalast på maksimalt 23 år. Garantitida er på inntil 25 år.
  - d. Knarvik Industri og Miljø AS kan ikkje ha som målsetnad å oppnå økonomisk overskot. Eit eventuelt overskot må tilbakeførast til verksemda og kan ikkje takast ut som utbytte.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Lindås kommune v/ ordførar mottok 03.11.2014 søknad frå Knarvik Industri og Miljø AS (KIM) om å stille kommunal garanti for re-finansiering av lån. Bakgrunnen til søknaden er at KIM har fått tilbod om lågare rentebetingelser frå Kommunalbanken enn det KIM har klart å oppnå hos andre tilbydarar. KIM syner til at dei kan spare 140 000 kr per år i renteutgifter ved å ha lånet i Kommunalbanken. For å få lån i kommunalbanken er det eit vilkår at det stilles kommunal garanti for lånet.

Knarvik industri og miljø er 100% eig av Lindås kommune, og vedtektene seier at «verksemda er ei VTA-verksemd (varig tilrettelagd arbeid), og skal utvikla og skapa menneskelig vekst. Hovudmålsetnaden er: «Verksemda er oppretta for å ivareta viktige sosialpolitiske formål i Lindås kommune». Gjennom å leggje til rette og tilby tenester kommunen har trong for i sitt virke, skal verksemda kunne fungere som kommunen sitt fremste organ for arbeidstrening, habilitering, rehabilitering, attføring, aktivisering og varig verna arbeid for menneske som har trong for slikt arbeid i regi av kommunen. Verksemda skal vere tiltaksarrangør for arbeidsplassar for yrkesvalhemma arbeidstakarar i regi av NAV.

Rådmannen har vurdert om ein kommunal garanti kan vere i strid med kommunelova § 51 med omsyn til næringsverksemd: «Det kan ikkje stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knytt til næringsverksemd som drivast av andre enn kommunen eller fylkeskommunen sjølv». Knarvik Industri og Miljø AS driver etter rådmannens vurdering ikkje ordinær næringsverksemd. Vurderinga er gjort på bakgrunn av at KIM er ansvarleg for arbeidsmarknadstiltak og verksemda ikkje har ein målsetting om økonomisk overskot. Formålet til selskapet er å gi arbeidstrening til yrkeshemma personar, noko som er ein offentleg, dels kommunal oppgåve.

Evt. vedtak om kommunal garanti må godkjennast av Fylkesmannen. Lindås kommune har tidligare stilt med kommunal garanti for lån til verksemda. Dette lånet vart oppgjort 15.11.2012.